

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Marius Flemmen Knudsen	FA - V70	15/3290

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
25/2016	Utval for drift og utvikling	PS	19.04.2016

## Strategi og retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket 2016-2019

### Vedlegg:

Strategi og retningslinjer 2016-2019 NMSK

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Strategi og retningslinjer for nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK) for Meland kommune er gått ut, og ein ny strategi for kommande år må vedtakast. NMSK-midlane er statlege midlar som er styrt gjennom eigen forskrift; forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK forskrifta). Føremålet med å ordninga er at det ut i frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping, samstundes som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne vert tatt vare på og utvikla vidare jf. § 1 formålet i NMSK forskrifta.

NMSK-midlane dekkjer fleire tiltak som det kan gis tilskot til. Dette er i hovudsak knytt opp til skogkultur, vegbygging, drift med taubane, drift med hest og miljøtiltak. Gjennom forskrifta vert det styrt kva tiltak kommunen løyver tilskot til, medan nokre tilskot er fylkesmannen ansvarleg for. Kommunen skal ofte kome med tilråding i dei sakene fylkesmannen løyver tilskot.

Det skal utarbeidast overordna retningslinjer for prioritering av søknader, og det er desse som no må reviderast.

#### Vurdering

Kommunen har ansvaret for å fastsetja tilskotssats, prioritera søknader og gjera vedtak på søknadar om tilskot til skogkultur og til miljøtiltak. Fylkesmannen har det same ansvaret for saker som gjeld tilskot til bygging av veg, drift med taubane eller hest. I desse sakene skal kommunen kome med tilråding om tilskotet før fylkesmannen gjer vedtak. Fylkesmannen har eigne reglar og retningslinjer for tildeling av deira tilskot.

NMSK-midlane er i hovudsak delt i to, der den største delen av midlane er knytt til vegbygging, medan den minste delen skal dekkje skogkultur og miljøtiltak. Fylkesmannen i Hordaland fekk i 2016 ca. 1,5 millionar som skal brukast på skogkultur og på miljøtiltak. Denne summen skal dekke heile Hordaland fylke. Fylkesmannen fordeler midlane til dei ulike kommunane, og dersom det er trong for meir midlar enn kommunen har fått tildelt, er det viktig å prioritere godt.

Søknad etter tilskot er varierende, det er avhengig av aktiviteten i skogsdrifta og kva tiltak som vert gjort. Tilskotet skal fungera som eit insentiv for skogkultur og miljøtiltak og kjem i tillegg til

skogfundsordninga. I hovudsak ønskjer Fylkesmannen i Hordaland at ein først og fremst skal nytta seg av skogfond til planting etter hogst. Dette for at ein kan nytta NMSK-midlane til andre og meir kostnadskevjangende tiltak. Fylkesmannen i Hordaland har tidligare utarbeidd eigne rettleiande satsar til dei tiltaka kommunen administrerer, dette for å unngå store skildnader i mellom kommunane i fylket.

Framlegg til kommunale retningsliner for perioden 2016-2019 er ei vidareføring av retningslinene for førre periode, men med endra satsar. Det skuldast at det er dei same tiltaka som er mest aktuelle for Meland kommune. I den nye strategien har tilskotssats til planting etter hogst vorte redusert frå 50 % til 30 %. Dette skuldast at kommunen har avgrensa med midlar og må prioritera ved stor søknadsmengd.

Det er i seinare år avverka og planta meir areal i kommunen, desse areala vil på sikt trengje avstandsregulering. Administrasjonen meiner at det vil vere viktig å prioritera avstandsregulering høgare enn planting, for å skape god kvalitet på tømmer som skal avverkast på sikt. Dette er også eit viktig tiltak for å skapa meir stabile og stormsterke bestand som vil ha ein høgare toleranse mot vindskader.

Klimaprognoser for tida framover peiker i retning av meir nedbør og auke i vind, samtidig som det vil kunne verte storm oftare enn før. Det er etter større uvær ofte store vindskader i regionen, som kan sjåast i samanheng med lite eller manglande skogskjøtsel og avstandsregulering. Administrasjonen meiner at dette er eit tema som det er viktig å fokusere på i tida framover.

Fylkesmannen i Hordaland har tidligare utarbeidd rettleiande satsar for tilskot, dette for å unngå at det er stor variasjon mellom kommunane. Administrasjonen har ikkje endra andre satsar, og dei er ikkje høgare enn Fylkesmannen sine tilrådingar. Meland kommune vil med desse satsane liggje på same nivå som Lindås og Radøy kommune.

Det er viktig at skogbruket og skogseigarane har gode og stabile rammer å halda seg til og at ein unngår store endringar i retningslinene.

Administrasjonen har sendt framlegg til strategi og retningsliner 2016 – 2019 nærings- og miljøtiltak i skogbruket til Nordhordland skogeigarlag og Meland Bondelag for innspel.

### **Konklusjon**

Administrasjonen meiner at det er viktig å sikra skogbruket gode og stabile vilkår, samstundes som ein legg til rette for et framtidig skogbruk. Det vil vere viktig å sikre tømmer av god kvalitet og stabile bestand som er betre rusta i framtidens klima. Administrasjonen gjer framlegg om å vidareføre den førre strategien, men gjennom satsane særleg prioritere tiltak som møter klimaendringane .

### **Framlegg til vedtak:**

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og godkjenner NMSK strategi og retningsliner for 2016-2019 med tilskotssatsar.

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3.»

### **Utval for drift og utvikling - 25/2016**

### **UDU - behandling:**

Skog- og miljøkonsulent Marius Flemmen Knudsen orienterte om bakgrunn, lovverk, retningslinjer og tilskot for NMSK

**UDU - vedtak:**

«Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering, og godkjenner NMSK strategi og retningslinjer for 2016-2019 med tilskotsatsar.

Vedtaket har heimel i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket § 3.»